

Jf. adresseliste

Dykkar ref.:

Vår ref.:

5203603/5203603_Melding om oppstart av planarbeid.docx

Dato:

2020-06-08

► Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for Bruflat - Grandmo

Bakgrunn og føremål med planarbeidet

Norconsult AS er engasjert av Luster kommune til å utarbeide eit plankonsept og detaljreguleringsplan for nytt bustadområde på Bruflat - Grandmo.



Figur 1 Lokalisering av planområdet og framlegg til planavgrensing

Planområdet ligg på nordsida av idrettshallen i Gaupne og er på tilnærma 40 daa.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for nye bustader, internveggar og felles uteopphaldsareal/leikeplassar innanfor ubyggd del av planområdet, samt tilpassingar til eksisterande bustadområde. Det eldre næringsbygget på Grandmo skal også omdisponerast til bustadar, fortrinnsvis leilegheitsbygg.

Tilhøvet til overordna og gjeldande planar

I planleggingsprogrammet til gjeldande økonomiplan for Luster kommune er Bruflat – Grandmo det høgst prioriterte kommunale planarbeidet.

Planområdet er avsett til bustadføremål i arealdel til kommuneplanen. Det er i utgangspunktet føreset at det skal regulerast for minimum 56 bueingar innanfor dette planområdet. Kommuneplanen omtalar at aktuell utbyggingsform for planområdet kan vere einbustad i kjede, med tomtestorleik på 200 – 350 m².

Planområdet inngår elles i gjeldande reguleringsplan for Gaupne sentrum, vedteken 24.06.1998. Kommuneplanen gjeld framfor eldre reguleringsplan for området.



Figur 2 Utsnitt frå arealdelen til kommuneplanen, vedteken 13.06.2019, til venstre og utsnitt av gjeldande reguleringsplan for Gaupne sentrum, vedteken 24.06.1998.

Planen fører etter kommunen si vurdering ikkje til krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova eller utarbeiding av planprogram.

Alle kjende grunneigarar/naboar som grensar til eller ligg innanfor planområdet får tilsendt dette oppstartsvarselet.

I tillegg vert oppstart av planarbeidet annonsert i Sogn Avis og lagt ut på heimesida til Luster kommune <http://www.luster.kommune.no/>

Vi ber om at ev. innspel til melding om oppstart vert sendt skriftleg *innan* 03.07.2019 til:

Norconsult AS v/Cornelis Erstad

Campus Fosshaugane

Trolladalen 30

6856 Sogndal

Eller e-post til: cornelis.erstad@norconsult.com

Med vennleg helsing

Norconsult AS

Cornelis Erstad

Cornelis Erstad
Arealplanleggjar